

# KIRKEBLAD

FOR

## DAVIK

Nr. 76

Utkommer hver  
måned

Januar 1937

Utgiver og redaktør:  
Sogneprest Slaattelid  
Davik

8. årg.

### Nyttår.

Altets bærer, uten bånd  
sår du ut med allmakts hånd,  
undere på himlens hvelv,  
undere til dypets grunner.  
Men, o Herre, største under  
er og bliver dog du selv.

Se vi står som fedre før,  
se vi føder og vi dør,  
slekt og sekel går i grav.  
Op til dig går våre blikke,  
evige, ti du kan ikke  
tage til og tage av.

Slå så, nyttårsnatt, med Gud  
malmens slag i mørket ut;  
slå dem over slekten ned,  
dine tolv, de tunge, lange.  
Herrens barn er ikke bange,  
det går ut og inn med fred.

Jonas Dahl.

### Ved nyår.

Lat oss ved nyårstid bøygja oss for Herrens åsyn og be med Moses: Lær oss å telja våre dagar so vi kan få visdom i hjarta. Lat oss gjera upp rekneskapet vårt no når året tek ende, so vi ikkje tek med oss inn i det nye året ei ladning med uuppgjorde og utilgjengne synder. No ligg liksom skipet ferdigt attmed bryggja. Snart ringjer det til avgang og står til havs. Inn i æva, med heile si tunge last av alt som vi har levt, alt som vi har gjort og sagt og tenkt i 1936. Kanhenda er der dei som tenkjer: Når vi no er i eit nytt år so er vi ferdige med det gamle. Det er burte for alltid og kjem ikkje att. Vi er kvitt det, vi ser det aldri meir igjen.

Å ja, mangt og mykje er burte. »Mangt et oie har sig lukket, som så siste nyttårs-kveld.« Kanskje nokre av oss har mist våre

kjære, og vi tenkjer på alle dei som i det året som gjekk, vart lagde til kvile ute på kyrkjegardane våre. — Men ikkje berre det. Vi har alle no mist eit år til av vårt liv. Vi har alle vorte eit år eldre. Mange av oss er gamle. Vår død nærmar seg, jamnt og sikkert, stig for stig. Gud hjelpe oss til ein sæl død! Vegen til dette er eit heilagt liv i tru på Jesus. »Et hellig liv, en salig død, hinannen kjærleg møter.«

Ja, vi har mist eit år av vårt liv. Berre vi då kunde seia som eg ein gong såg som gravskrift over eit lite barn: »Ikkje mist«, stod der. Berre vi kunde seia um det året som gjekk: Ikkje mist, ikkje levt til fånyttes.

Men er no alt i dette året burte for alltid? Det er det på den måten, at vi kan ikkje gjera det umatt. Ikkje ei einaste gjerning kan vi gjera ugjort, ikkje eit ord usagt, ikkje ein tanke utenkt. For so vidt er det over. Men på den andre sida: Livsens lov er den, at ingenting kjem burt. Alt kjem att, for »det eit menneskje sår, lyt det hausta«. Det kjem att, som velsigning eller som dom. Ingenting kjem burt. Difor er det so ålvorsamt å stå ved enden av eit år og sjå på alt vi har samla upp av godt og allermost av vondt. Vi har alle so mykje som vi veit der ikkje er velsigning i, men som vi må minnast med sorg. Det er liksom når ein av våre kjære er teken frå oss, og vi står att og ynskjer: Å um eg hadde vore onnorleis mot dei! Har vi ikkje grunn til å sukka: Å um eg hadde levt onnorleis i det siste året! So lat då dette vera vår vedkjenning og bøn ved nyår: Gud ver meg syndar nådig!

Når vi då tenkjer på vårt liv, på alle våre synder, på alt vi har forsømt, på all

vår skuld, på heile rekneskapet vårt, so ser vi inn i æva i spaning og spør: Du som har sett våre misgjerningar for dine augo, vår løynde synd i ljuset frå ditt åsyn, korleis ser du på oss? Kva seier Gud? Han svarar soleis som vårt hjarta bed. Dersom vi bed av hjarta med David: »Kom ikkje i hug mine ungdomssynder og kom ikkje ihug mine synder i dette året, men kom meg i hug etter di miskunn,« da svarar han: »Eg vil sletta ut dine misgjerningar for mitt namn skuld, og dine synder vil eg ikkje koma i hug.« Han tek dei burt, han slettar dei ut, han kastar dei i havet, alt for Jesu Kristi skuld. Slik har han vore fyrr og slik er han idag. »For han er igår og idag den same, ja til æveleg tid.« Og slik er han imot deg. Han vender alt til det gode for deg som legg deg med alt ditt i Guds nåde-arnar. Kvart eit blad som visna, kvar ein draum som brast, kvar ein angest som fekk deg til å skjelva, — alt skal verta til gagn for deg og tilsist tona saman i æveleg harmoni i det store jubelår hjå Gud.

Etter Spren Dahl.

### Nyttårsbønn.

Kjære himmelske Fader, se i nåde ned til oss. Oplys våre øine så vi ser og erkjenner din godhet og visdom i det år som gikk. Vi takker dig for din nåde mot oss, vi lover dig også for det tunge og alvorlige som du sendte oss. La begge deler, både glede og smerte, tjene til vårt beste, så vi derved kan vokse i bot og tro, i lydighet og gudsfrykt. Bevar oss i det nye år. Og dersom det skal være vårt siste her på jorden, så giv oss i nåde saligheten hos dig. Amen.

### Manns verk og manns ferd.

For nokre år sidan var eg bedd i sundagsgjestebed til ein 70-åring som budde aleine med huslyden sin på ei øy ut mot storhavet. Høgvaksen og rak var han, med ungdoms-irisk andlitsfarge; håret var grått, men tett. Augo var klare og sterke og blenkte lentugt. Han gjekk so lett som ein ungdom. — Ein ven og uneleg heim låg i livd for havstormane attum ein haug. Fine grasvollen tøyde seg rundt ikring og i livdehalli låg det korn-åkrar og potetstykke.

Me gjekk ein tur ikring på eidedomen. Utanum gjerdet, der feet gjekk og beitte, var det myr og lyngmark. »Slik såg det ut alt, då eg kom hit,« sa han. So å segja

med tvo tome hender kom han hit i ungdomsåri. Heile garden hadde han rudt sjølv, husi hadde han sett opp for det meste med eige arbeid. Eit æveleg slit hadde det vore, med jordi og steinen, med husbyggjingi og med å føra i båt til øyi alt det som skulde til av vyrke og levemåte. Innimillom hadde han rodd fiske og tent seg nokre skillingar med det. — Men slitet hadde ikkje fått krøkt antan ryggen eller modet hans, og jordi hadde ikkje fått soge sjeli ut or han. Han hadde ikkje gloynt at han trøng Guds signing, og han var interessera for mange ting i verdi utanum hans eige rike. — Augo hans doggast når han fortalde um kona si, som alt for fleire år sidan var komi under torva. Dei drog so godt i lag, og ho hadde so visst ikkje spara seg, ho heller. Ho tok vel like tunge tak som han, men var nøgd og glad ved sin lut.

Sjå, det var manns verk gjenom eit heilt liv, kraft og vilje og tru sett inn i eit arbeid som adla mannen sjølv og var til gagn både for ætti og landet.

(Framhald).

Ragnvald Indrebø i Menighetsblad for Askvoll.



### Våre døde.

24. nov.: Olav Olsson Myklebust, Aalfot; f. 1912; ug. gardsarbeidar; kregda og influensa.  
24. nov.: Petra Kristofersdtr. Sundal, ug., f. 1915; hjernebetendelse.  
6. des.: Raket Martinesdtr. Ischaug, karenkje; f. 1848 på Isane; alderdom.  
10. des.: Anne Jørgensdtr. Eikas, karenkje; f. 1856 på Erviksaier; alderdom.

Mine dagar er som ein skugge  
når han lengjest, og eg visnar  
som gras. Salm 102, 12.

### Notisar.

Eit godt og velsigna nyttår ynskjer eg alle lesarar og vener av Kirkebladet.

**Døypte:** 20. nov. Martin Andreas, f. 13. nov. av f. Karl Martinsson Førde og k. Borghild, 6. des. Helene Kirsten, f. 13. okt. av f. Johan Kristiansson Daviknes og k. Borghild Johansdtr. (f. Birkeland).

**Vigde:** 21. nov. i Starheim Johan Johansson Kjølldal og Brita Bergesdtr. Humborstad.

**Basarar:** Haus og Ervik 4. okt. til heidningmisjonen kr. 135.75. — Leirgulen 30. okt. til heidningmisjonen 120.70 + bossepenge 24.30; tilsaman 145. — Hamnen 30. oktober til sjomanns-

misjonen 42.72. — Til gamleheimen: eit lamb gjeve av R. Fagerlid, lodda ut ved fru dr. Sveine, vunne av J. Aasen, kr. 53.10.

Til **sjukerøktlaget** er kome inn: Maiblomar: Endal kr. 6.80, Almenning 4, Rimstad 10. Basarar: Kjølsdal 225, Almenning 26. Medlemspenngar: Rimstad 26.

**Hugs på!** Barnefødsel skal meldast til soknepresten innan ein måned etter fødselen. Ekteskapslysing må ein veuda seg til soknepresten um, ikring 3½ vike fyrr ein har tenkt a halda brudlaup. Dødsfall må straks meldast til lensmannen. Attestar som ein skal ha hjå presten, kostar til vanleg 1 kr.: dertil porto, 20 ore, når dei skal sendast i posten.

**For 100 år sidan:** I 1836 døydde det i prestegjeldet 26 born under 15 år; 20 av desse var under 1 år gamle. — Døde: 2. jan. 1837 Christen Abrahamsen Liden, gårdmann, 54 år. 9. jan. Anne Torgersdtr. Hornet, kårkone, 78 år. 8. jan. Anne Endresdtr. Rexnæs, huusmands kone, 70 år. — 25. jan. Kari Olsdtr. Levdal, gaardmandskone. — 1. jan. Christen Moossen Yttre Nore, gmd., 61 år. 13. jan. Ole Jenssen Solibakke, gmd., 64 år.

**Soknerådsval** vart halde i Davik 6. desember. Til medlemmer av sokneradet vart valde: Rasmus P. Daviknes (40 røyster), lærar Aardalsbakke 30, Martines N. Dommesten 36, Hilmar Kjøllesdal 34, Nils Lefdalskjelle 31, Knut Horn 30, Alfred O. Humborstad 30, Rasmus R. Ervik 28. Varamenn: Jonas Eikas 26, Ola Wiik 26, Hans Martinusson Reksnes 23, Olav Rosenlund 21. — Vidare hadde kyrkjesongar Daviknes 19 røyster, Johan K. Askeland 17, Birger Seime 16, Hans A. Endal 14, Alfred Myrvang 12, lærar Eikas 11, Peder Kr. Ravnefjell 10, Reinert Hausle 8, Peder M. Lefdal 7, Mathias B. Eikas og Jonas Horn 3, Jakob G. Berstad 2.

**Småting um Frimann.** Det var nemnt i stykket um Frimann i nr. 74, at han dikta ein song ved gravferda åt ein dreng han hadde. Kristine Dombestein, som er ikr. 80 ar gamal, fortaide meg at ho kunde eit og eit halvt vers av denne songen. Ho hadde lært dei av mor si, og song dei til ein ven gamal folkemelodi. Dei lyder so:

På jorden jeg en tjener var,  
nu lyster jeg at bytte  
med alt det gode verden har  
og ei tilbake flytte.

De som omkring min kiste stå,  
for mig I være takket,  
og tenker alle, tenker på  
at livets tid er stakket.  
Snart kommer reisebud,  
snart slukkes lampen ud.  
I himlens faste stad  
igjen at samles glad,  
det give Gud oss alle!

Det vert fortalt at Frimann var godt til vens med Per-Ola i Vik i Aalfot. Eingong skulde han liggja der natta over på eit loft. Dei sa med han, at det var ikkje rett trygt på det loftet. Det hadde

ofte synt seg ein borkje der um nætene. Kanhenda Frimann ynskte å få seg eit anna rom? Nei, han vilde liggja der likevel, sa han. Um natta vakna han. Da stod borkjen framfor senga. »Hvad vil du her?« sa presten. »Jeg byder dig i Jesu navn: Vig bort!« Då vart han burte, og sidan den tid såg dei han aldri meir.

#### Gudstenester:

2. sund. etter Kr. op.sund., 17. jan: Davik.

Sundag septuag., 24. jan.: Aalfot.

Sundag sexages., 31. jan.: Davik.

Fastelags. sund., 7. febr.: Rugsund.

1. sund. i fasta, 14. febr.: Totland.

**Kvittering for bladpenngar:** Aletta Hundvik, Marie A. Loen 1 kr. — Jonas Askeland, Johan Olshøj, Pauline Reksnes, Kristense Vik, R. Isehaug, K. Orheim, Rasmine Isene, Helene Askeland 2. — Lærar Leite, heradskasserar Kvien, Henrik Steinslid 5. — Knut Horn, Mathias Strømnen, Peder R. Bøen, Mons Isane, lærar L. Eldevik 3. — Peder Gillehammer, Einar Hunskaar, Johanne Hamre 2.50. — Simon A. Bakke 4. — Til saman kr. 59.50.

Hjarteleg takk til alle. I næste nr. kjem rekneskap for 1936.

#### Minne um sokneprest Hansen.

Sokneprest O. Stuevold Hansen kom til Davik um hausten i 1882. Han konfirmerte lesarborni som hadde gjenge og lese for stiftskapellan Hoff om sumaren. Det hadde vore skikken i Rugsund at presten hadde late ein av lærarane lesa med borni, men denne presten vilde lesa med dei sjølv. Han var so ihuga for at borni skulde læra songar og salmar, og at lærdomen skulde verta liv og karakter i ungdomen. Frua hans lærde oss å syngja: »Løgnens fader vi forsake«, »Nu ringer alle klokker mot sky«, »Det kimer i fjerne riker«, »Lille Guds barn, hvad skader dig?« og fleire slike. Han vilde at lærarane skulde samla ungdomen til song og opplesing. Han tykte vel um Bjørnson ungdomsdikting, men mange vart harme for det; dei trudde det var synd å lesa verdslege diktbøker. I hans tid vaks folkebiblioteket munaleg og vart flittig brukt. Heller ikkje det lika alle. Og dei tykte det var gale at presten kalla »Pontoppidan« for »spørsmålsboka«, eller når han sluffa ei bededagspreike so: »Rette det som rengt er, reise det som velt er!« Me unge tykte det var fest å møtast på kyrkjegolvvet um sundagane. Me kunde salmar og den gamle tekstrekka.

Ein laut vera kjend og kjær i presten,

skulde ein fylgja med i preikene hans. Han var sjuk av astma, so framføring i var ikkje so god, men utarbeidingi og tankane var både klåre og hjartevarme. Når han vitja sjuke, viltle han alltid tala med dei i einmæle. Han fekk dei gamle til å seia fram truesartiklane, Fadervår og »Herre Jesu Krist, min frelser du est.« Eit par vintrar heldt han fyrelesingar i Borgestova på prestegarden over Apostelgjerningane og Paulus's brev. Ein kveld fortalde han um den gamle Davik-kyrkja og um steinkorset fyre hennar tid.

Hansen vau seg vyrndad etterkvart, so det var med sorg kyrkjelyden frette at han skulde flytta. I 1892 reiste han til Nes på Hedemark. I 1918 fall vegane mine so, at eg fekk vitja han i ein liten heim han hadde kjøpt i nærleiken av Nes kyrkje, då han slutta som prest. Han var gamal og liten no, og brystet hadde slege seg heilt rangt. No fekk han vita korleis folket her heime hadde det. Han hadde eit godt minne og hadde mykje å spyrja etter. Han rakna til den kvelden, so han sat ved bordet nokso raak og spaserte på golvet og prata. Men um morgonen var han reint ring. Han sat i kvilestolen sin der han hadde teke nattekvildi si i 5 år, for han tolde ikkje å liggja i seng. Han la hendene på hovudet mitt og bad Fadervår og velsigninga. Mange helsingar sende han til kjende og kjære i Davik.

A. M.

### Bibelen.

Kjære leser! Jeg har et spørsmål å gjøre dig: *Leser du din bibel?* Kanskje du ikke sier nogen? Burde du da ikke se å skaffe dig en snarest mulig? Du burde eie denne bok som gjemmer Guds rikes kosteligste perle, som gir tusener og atter tusener frost og fred og som du kan få for en 3—4 kroner. Eller kanskje du har en bibel, men den ligger ubrukt og glemt og støvet på hyllen eller gjemt i kisten, like fremmed for dig som da du fikk den, kanhende ved din konfirmasjon. Aldri ser du efter hvad Guds ord sier, aldri lytter du til Jesu eget vidnesbyrd. Du svarer mæskje: »Jeg har nok en bibel, men jeg har sa liten tid til å lese i den.« Si heller det som sant er: »ikke lyst.« Du har tid til din avis og sa meget annet.

Du har tid til å lese i din bibel, om du bare vil. — Eller du sier: »Jeg har ofte begynt å lese i bibelen, men jeg forstod den ikke. Den er sa vanskelig. Derfor leser jeg heller i andaktsbøker eller kristelige blad. Eller jeg noier mig med hvad jeg får høre i kirke og på mote. Det er enklere og lettere å forstå.« Men husk på at selve Guds ord er det viktigste og inneholder den sundeste og kraftigste åndelige føde. Det andre kan være bra nok, men det må ikke trenge til side selve bibelen og kan ikke erstatte den, som er selve kilden.

Og så er det en ting du må legge merke til. Det er ikke nok, *at* du leser, men det gjelder også om, *hvorledes* du leser. Hvorledes skal man da lese sin bibel?

Det viktigste er at du leser den med *dei rette sinn*. Og det vil si et bedende sinn, et ydmykt sinn, som lengter efter sannhet og nåde. Gjør alvor av, at det er Gud som taler til dig i bibelen. Derfor må du være stille og samle dig i bønn om lys og veiledning fra Guds Hellige Ånd. Gjør det derfor til en regel aldri å åpne din bibel uten en bønn, et hjertesukk, enten med dine egne ord, eller med ord fra bibelen selv, som f. eks.: »Send ditt lys og din sannhet, la dem lede mig, la dem føre mig til ditt hellige bjerg og til dine helliger.« (Salme 33,23), eller »Led mig frem! din trofasthet og lær mig, ti du er min frelses Gud.« (Salme 25,5), eller: »Herre, til hvem skal vi gå? Du har det evige livs ord.« (Joh. 6,68). Eller også kan du bruke en av våre gamle herlige salmer, f. eks.:

Kom, Helligånd, nu til mig inn,  
oplysn min sjel, optend mitt sinn,  
at jeg i dig må blive.  
La lyse livsens lys for mig  
og led mig på den rette vei:  
dig vil jeg helt mig give.

*Når skal jeg lese min bibel?* Velg den stund da du kan være mest uforstyrret. Ta en liten stund om morgenen, dersom det er mulig, før dagens strev har lagt beslag på dig, eller om aftenen før du går til hvile. Ingen dag og allermest søndagen må gå hen uten at du bruker Guds ord. Men: heller lite med et rett sinn, enn meget med et tankeløst sinn! (Fortsettes).

Fra svensk.